

Saksbehandlar: Lars Hustveit, Næringsavdelinga
Sak nr.: 16/1905-1

Avklaring for vidare arbeid. Sogn og Fjordane fylkeskommune har teke eit Interreg Europe initiativ.

Fylkesdirektøren for næring rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

- 1 Hovudutvalet tek orienteringa i saka til vitande og sluttar seg til at det vert arbeidd vidare med utvikling av prosjektet.
- 2 Fylkesrådmannen får fullmakt til å vurdere endeleg prosjektframlegg og signere søknaden i høve frist den 13. mai 2016

Informasjon som er tilgjengeleg på heimesider:

Programmet si heimeside: <http://www.interregeurope.eu/>

Programinformasjon på norsk:

- <http://interreg.no/>
- <http://interreg.no/om-interreg/interreg-c/interreg-europe/>

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Sogn og Fjordane fylkeskommune har teke initiativ til eit Interreg Europe prosjekt. Søknadsfrist er 13. mai 2016. Det vil bli arbeidd med utvikling av ein søknad heilt fram til søknadsfristen. Det er derfor viktig å informere på dette stadiet slik at ambisjonen har politisk forankring.

Sidan vi er initiativtakar, er det viktig at vi på eit tidleg tidspunkt avklarar at vi vil fremje ein søknad. No har vi tilstrekkeleg oversikt til å kunne gjere ei slik avklaring.

Planforankring. Sentral problemstilling.

Prosjektinitiativet er teke med utgangspunkt i verdiskapingsplanen, handlingsplanen avsnitt 5.3.3, punkt C om «innovative og internasjonalt orienterte nettverk» (<http://verdiskapingsplanen.no/handlingsplan/5-kunnskap/5-3-hovudaktivitet-med-milepaelar/5-3-3-utviklingsarbeid-5-ambisjonar-fram-til-2018/>).

Her står er følgjande framtidsbilete formulert:

Verkemiddelapparatet er proaktivt og kan faget å etablere, vedlikehalde og utvikle innovative nettverk. Verkemiddelapparatet har etablert ei meklarteneste som prioriterer og tilbyr god miks av pengar og kunnskap rundt utvalde innovative idear med høgt kommersielt potensiale. Det offentlege verkemiddelapparatet brukar relativt mindre tid på finansiering og relativt meir på å få til kunnskapsdeling

2. Kva er Interreg Europe?

Interreg

Interreg er ei rekke EU-program som no er inne i 5. programperiode. Programmet vert presentert slik på «Interreg.no»:

Interreg gir økonomisk støtte til regional utvikling

Gjennom samarbeid på tvers av grenser bidrar mennesker i hele Europa til mer kunnskap og bærekraftig økonomisk vekst. Interreg fremmer sosial og økonomisk utjamning på tvers av regioner og landegrenser i EUs 28 medlemsland, samt Norge og andre naboland. Programmet ble etablert i 1990, med norsk deltagelse siden 1996.

I perioden 2007 til og med 2013 fikk over 600 samarbeidsprosjekter med norsk deltakelse støtte. Fram mot 2020 gis det mer enn 700 millioner kroner i økonomisk støtte til norske prosjektdeltakere som sammen med aktører fra andre deler av Europa skal bidra til mer kunnskap, bedre miljø og bærekraftig økonomisk vekst.

I perioden fram mot 2020 skal det gis i overkant av 10 milliarder euro i støtte til Interreg-prosjekter i hele Europa.

Det er tre hovudtypar program:

- A-programma med samarbeid mellom regionar som grensar til kvarandre. Sogn og Fjordane kan ikkje delta.
- B-programma med samarbeid mellom naboregionar uavhengig om regionane har felles grenser. Sogn og Fjordane kan delta i Nordleg periferi programmet, Nordsjøprogrammet og i Austersjøprogrammet
- Det tidlegare C-programmet som no heiter Interreg Europe. Sogn og Fjordane kan delta.

Interreg Europe

Interreg Europe støttar to ulike tiltakstypar

- Interregionale samarbeidsprosjekt
- Læringsarena for politikktutviklarar

Samarbeidsprosjekt:

Partnerar frå ulike deler av Europa arbeider saman i tre til fem år med mål om å utveksle røynsler innanfor eit tema. Kvar region som deltek i samarbeidsprosjektet, utarbeidar også ein handlingsplan for å omsette erfaringane i praktisk politikktutforming.

Programmet har fire innsatsområde:

- Forsking og innovasjon
- Konkurranseskraft
- Lågkarbonøkonomi
- Miljø og ressursar

Europeiske regionar med ansvar for regional politikk (som fylkeskommunane) er hovudmålgruppe for Interreg Europe. Målet er at programmet skal medverke til å forbetre iverksettinga av regionale utviklingsplanar; særleg planar innan vekst og jobbskaping og innan territorialt samarbeid.

Interreg Europe er såleis «skreddarsydd» i høve vårt arbeid med å gjennomføre verdiskapingsplanen.

3. Om prosjektinitiativet

Grunngjeving for initiativet.

Klynger har stor merksemd i næringspolitikken. Det meste av tenkinga omkring klynger er utvikla i urbane miljø; rundt dei store universitetsbyane. I distriktssamfunn som Sogn og Fjordane er klyngene i beste fall ufullstendige. Nasjonale klyngeprosjekt vert skjeldan etablert med utgangspunkt i Sogn og Fjordane. Vi treng å finne våre innovasjonsmodellar der samspel mellom forskings- og utdanningsmiljø, verkemiddelapparatet og små- og mellomstore bedrifter fungerer godt. Vi kan lære av andre land for å bli betre på å legge til rette for næringsutvikling. Vi må fremje kunnskap om det vi kan kalle «rurale innovasjonssystem» og såleis påverke utviklinga av nasjonale verkemiddel.

Bakgrunn:

Avsnitt 5.3.3, punkt C om «innovative og internasjonalt orienterte nettverk» i handlingsplanen for verdiskapingsplanen er formulert på bakgrunn av:

- Fylkeskommunen ser at vi dei seinare åra har fått reduserte økonomiske rammer. Vi ønskjer derfor å utvikle oss som betre rådgjevarar innan det å skape gode arenaer for samspillet mellom verkemiddelapparatet, næringslivet og forskings- og utdanningsmiljøet (På fagspråket ofte vist til som «triple helix»).
- Fylkeskommunen har gjennom innovasjonsforskninga i VRI fått produsert ein rapport «Innovasjon i Sogn og Fjordane – vilkår og barrierer» (Vestlandsforskning rapport nr 2/2014ⁱ). Rapporten peika på at utkantsamfunn som Sogn og Fjordane har «ufullstendige innovasjonssystem». Folkeleg sagt; vi har ikkje alle delane i eit ønskeleg samarbeid på plass lokalt. I rapporten vert døme på nyskapande nettverk analyserte og det vert teke til orde for å utvikle kunnskap om å etablere, utvikle og omstille innovative nettverk.

Initiativ og partnerar:

Prosjektinitiativet vart teke av Sogn og Fjordane fylkeskommune på generalforsamlinga til Euromontanaⁱⁱ 18. november 2015. Dei 5 førstnemnde organisasjonane har sidan samarbeidd om eit prosjektinitiativ:

Partner:	Region / Folketal	Land
Local Development Agency PINS	Primorsko Goranska fylke 296.000 innbyggjarar	Kroatia
«Heart of Slovenia»	Området har 200.000 innbyggjarar	Slovenia (Ingen formelle regionar i Slovenia)
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Sogn og Fjordane 109.000 innbyggjarar	Noreg
Society for the Development of the Province of Burgos	Provinsen Burgos 367.000 innbyggjarar	Spania
Poliedra, Politecnico di Milano	Ekspertpartner	Italia

Vi arbeider for å få med:

Ein annan region		
------------------	--	--

Tilrådd partnerskap:

- 5 – 10 regionar
- Små partnerskap bør ikkje ha meir enn ein ekspertpartner
- Halvparten av EU-partnarane må arbeide med strukturfondprogramma og kunne påverke arbeidet med gjennomføring av strukturfonda i sin region.

Dei fem førstnemnde partnerane møttest i Milano 10.-11. februar for å avklare grunnlaget for vidare prosjektutvikling. Frå Noreg deltok Lars Hustveit som representant for initiativtakar Sogn og Fjordane fylkeskommune og Jon Halvard Eide som er norsk kontaktpunkt for Interreg Europe.

ⁱ <http://www.vestforsk.no/filearchive/vf-rapport-3-2014-vri-dokumentasjonsrapport-final.pdf>

ⁱⁱ Fylkesvaraordførar Åshild Kjelsnes er styremedlem i Euromontana (www.euromontana.org)

Partnerane ønskjer Sogn og Fjordane fylkeskommune som leiande partner. Kandidat for arbeidet med informasjon og kommunikasjon: Heart of Slovenia. Kandidat som ekspertpartner; Poliedra, Politecnico di Milano (www.poliedra.polimi.it).

Tenkt prosjektinnhald:

Prosjektet er framleis under utvikling. Dette innhaldet er partnerane samde om:

- Partnerane forstår at vi samarbeider for å forbetre iverksettinga av regionale næringsplanar (for vår del verdiskapingsplanen).
- Prosjektet skal handle om distriktssamfunn.
- Alle partnerane ser utvikling av attraktive arbeidsplassar for ungdom som ei felles utfordring. Dette betyr arbeidsplassar der unge menneske kan få bruke kreativitet og/eller kunnskap.
- Prosjektet skal vere knytt til Interreg Europe sitt mål 1.2 om å styrke forskning, teknologisk utvikling og innovasjon. Dette betyr at samspelet offentlege styresmakter, forskingsmiljø og bedrifter skal vere kjernen i prosjektet.
- Partnerane ønskjer at erfaringsutveksling skal handle om:
 - Etablering, utvikling og omstilling av nettverk med siktemål kommersiell innovasjon.
 - Kunnskap om nye verkemiddel og evt forbetra bruk av innovasjonsverkemiddel.
- For å unngå alt for stor variasjon i tema er vi samde om at bransjane vi konsentrerer oss om skal vere:
 - Kunnskapsintensive bedrifter
 - Kreative bedrifter; t.d opplevingsnæringar
 - Gjerne bedrifter som arbeider med «øko-innovasjon» / «grøn vekst»
- Når det gjeld felles utfordringar for samspelet mellom bedrifter, verkemiddelapparatet og kunnskapsinstitusjonane, vart vi samde om å sjå på korleis vi kan gjere noko med at miljøa er fragmenterte og korleis gjere noko med at miljøa vert for lokalt orienterte; såkalla «innlåsing» («lock-in»)
- Skal det offentlege bli ein god rådgjevar på nettverksarbeid, må vi forstå korleis nettverk fungerer i distriktssamfunn. Ei viktig rolle for ekspertpartner Poliedra er å legge til rette for at praksis i eit område kan overførast som nyttig praksis i eit anna territorium.

Aktivitet i prosjektet:

Interreg Europe prosjekt er uniformerte, ukompliserte å gjennomføre og med krav om at det vi lærer skal takast i bruk i ein fase 2.

Eit prosjekt er lagt opp slik:

- *Fase 1.* Kvar partner dokumenterer gode døme som vi ønskjer syne fram. Deretter lærer vi av kvarandre. Dette er hovudinnhaldet i prosjektet. Aktivitet er studieturar, seminar eller hospiteringsopphald. Til slutt lagar kvar partner ein plan for korleis regionen skal ta i bruk det dei har lært. Målet for læreprosessen er som nemnt at partnerane skal bli betre på å gjennomføre planlagt utviklingsarbeid.
- *Fase 2.* Kvar partner set i verk dei endringane dei sjølve har komme fram til. Partnerane i prosjektet kan hjelpe kvarandre undervegs. Som leiande partner kan vi også dra vekslar på læringa som skjer på programnivået i Interreg Europe.

Mesteparten av prosjektmidlane er føresette brukte i fase 1. I tillegg til finansiering for partnerane (t.d. Sogn og Fjordane fylkeskommune), er det også finansiering for reiser og opphald for personar som vert definerte som interessentar («stakeholders») i prosjektet. Dette kan vere folk som har operativt ansvar for innovasjonsverkemiddel (som t.d. ein næringshage eller ein inkubator) eller som har leiaransvar for aktuelle nettverk (som t.d. eit innovativt nettverk innan opplevingsnæringar).

Mogelege prosjektsresultat:

På planleggingsmøtet i Milano den 11. februar i år lista vi opp følgjande som kan vere direkte resultat av erfaringsutvekslinga og grunnlag for regionane sine aksjonsplanar:

- Introdusere eller forbetre verkemiddel av typen
 - Ein inkubator, ein næringshage, ein kunnskapspark
 - Gjennomføring av strukturerte møte (jf. industristrategien – strategi 1.1. om å «etablere bransjeuavhengige møteplassar»)
 - Meklingstenester; t.d. kompetansemekling (VRI-verkemiddel) eller innovasjonsmekling (introdusert av DG Agri)
- Ei verktøykasse for korleis starte opp, utvikle og omstrukturere arbeidet i eit nettverk
- Ei sjekklister for ulike steg i ein innovasjonsprosess
- Ei sjekklister for korleis vi kan komme forbi problem med fragmentering (manglande samarbeid) og innlåsing (bli meir utoverretta)
- Ei sjekklister slik at nettverksleiarar kan analysere og forbetre ulike funksjonar i eit kommersielt innretta nettverk

Resultata skal vere direkte knytte opp mot planarbeidet vårt. Vi må få fram korleis læringa gjer oss betre i stand til å nå måla i verdiskapingsplanen og partnarane korleis resultata påverkar deira arbeid innan tema «growth and jobs» i strukturfonda i EU.

Ein søknad som skal kunne oppnå finansiering må også syne – på ein tydeleg måte – at vi har felles problemstillingar å arbeide med.

Vidare framdrift:

- 15. mars: sak for HNK som skal sikre politisk forankring.
- Arbeidet med prosjektplanen (søknaden) må vere klart til signering av leiar i fylkeskommunen 13. mai 2016. Det er ønskjeleg å sende inn ei projektskisse for førehandsvurdering hos programsekretariatet i mars.
- Programstyret i Interreg Europe er venta å avklare søknaden rundt årsskiftet 2016-17.
- Dersom vi får Interreg Europe finansiering, må vi rekne med ein forhandlingsrunde 1. kvartal 2017.
- Dersom vi får Interreg Europe finansiering, må fylkeskommunen løyve si delfinansiering 1. kvartal 2017.
- Sannsynleg start: 1. april 2017.

4. Vurderingar og konsekvensar

Informasjonen ovanfor er gitt med utgangspunkt i det vi veit no. Prosjektutvikling er ein mogningsprosess som inneber at nokre tankar sannsynlegvis vil endre seg fram mot 13. mai. Vi legg til grunn at det på møtet 11. februar var stor semje og entusiasme mellom partane. Det er såleis lagt eit rimeleg avklara grunnlag for det vidare arbeidet. Det viktigaste uavklara momentet er om vi får med Lombardia (regionen rundt Milano) i prosjektet eller om vi må på leit etter ein annan partnar.

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Prosjektet er ikkje kalkulert. Det som følgjer er derfor kvalifiserte overslag som heilt sikkert ikkje vil stemme med endeleg prosjektplan. Vi legg til grunn at vi er 6 partnarar og at det med eit slikt tal partnarar er rimeleg å gjennomføre prosjektet på 2 år for fase 1. Fase 2 skal vere på 2 år. Er vi 6 partnarar, så er det antyda at eit totalbudsjett på 1,3-1,5 million € vil høve (1€ = ca 9,6 NOK) Eit grovt overslag på dette stadiet:

- Sogn og Fjordane budsjett: kr 3.070.000; t.d. fordelt med kr 960.000 på kvart av åra 1 og 2 og med kr 575.000 kvart av åra 3 og 4.
- Interreg Europe dekker 50% av kostnadene
- Det er mogeleg å rekne inn løna til fast tilsette i fylkeskommunen som del av finansieringa (t.d. 1/4 av kostnadene for år 1 og 2 og 1/3 av kostnadene for år 3 og 4).
- Med desse føresetnadene er det trong for slike løyvingar frå kap 551 post 60:
 - År 1: kr 240.000

- År 2: kr 240.000
- År 3: kr 100.000
- År 4: kr 100.000

Dømet viser at med ei løyving på kr 240.000 (for år 1) kan vi løyse ut Interreg Europe midlar på kr 480.000.

Rettslege konsekvensar

Som leiande partner er vi ansvarlege for prosjektgjennomføring i høve Interreg Europe. Dette punktet treng vi undersøkje nærare. Sannsynleg grep er å lage avtalar med partnerane som sikrar at økonomisk ansvar vert plassert på kvar partner.

Personalpolitiske konsekvensar

I tillegg til etterutdanning og forskning er internasjonale samarbeidsprosjekt ein måte å skaffe oss nye impulsar på. Europeiske fond har vorte ein viktig finansieringskjelde for regionale utviklingstiltak. Ulike deler av organisasjonen må skaffe seg erfaring i å delta og å leie internasjonale samarbeidsprosjekt. Fleire må evne å delta i internasjonalt samarbeid.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har dessverre lite røynsle som leiande partner for Interreg prosjekt. Vi har ikkje vore leiande partner for noko prosjekt i programperiode 4. Det er derfor eit sjølvstendig poeng at vi no deltek som initiativtakar og prøver å skaffe oss oppdaterte røynsler som leiande partner for denne typen utviklingsprosjekt. Gitt at prosjektet oppnår finansiering, ønskjer fylkesdirektøren derfor å legge medvite opp til at seniormedarbeidarar overfører kunnskap og ferdigheiter til yngre medarbeidarar.

Interreg Europe programmet føreset at vi i prosjektplanen dokumenterer korleis læring skal gå føre seg både i eigen organisasjon og i partnerskapen.

Plankonsekvensar

Prosjektet gir fylkeskommunen impulsar og økonomi til gjennomføring av satsingane i verdiskapingsplanen. Slik status i søknadsskrivinga er no, er eit prosjekt særleg relevant for arbeidet med nyskaping, kunnskap og reiseliv. Prosjektet er formelt knytt til handlingsplanen for satsinga kunnskap.

Klima- og miljøkonsekvensar

Arbeidet føreset reising. Partnerane ønskjer å arbeide med «grøn vekst / økoinnovasjon»

5. Konklusjon

Saka er fremja politisk på eit tidleg stadium fordi det vil bli arbeidd med prosjektutvikling heilt fram til søknadsfristen. All erfaring tilseier at det ikkje er råd å få til politisk handsaming av ferdig prosjektplan før søknad vert sendt. Når søknaden er signert og sendt i namnet til Sogn og Fjordane fylkeskommune, er alle partnerane avhengige av at alle – ikkje minst initiativtakar – føl opp i samsvar med dokumenta i søknaden.

Forslaget til vedtak er derfor:

- 1 Hovudutvalet tek orienteringa i saka til vitande og sluttar seg til at det vert arbeidd vidare med utvikling av prosjektet.
- 2 Fylkesrådmannen får fullmakt til å vurdere endeleg prosjektframlegg og signere søknaden i høve frist den 13. mai 2016